



Iss Facility Services A/S
Smeltedigelen 1

0195 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5989 - 14/22470

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2014

Søknad om serveringsløyve frå 01.09.2014

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Iss Facility Services A/S

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/14	Formannskapet	PS	02.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	14/5989

Søknad om serveringsløyve - BKK, Knarvik

Serveringsløyve blir innvilga etter serveringslova § 3:

- Løyvehavar: ISS Facility Services as
- Dagleg leiar: Geir Skaflestad, f. 070461.
- Serveringsstad: BKK, Knarvik, Kvassnesveien 56, 5914 Isdalstø
- Tal sitteplassar: om lag 30.
- Opningstid: Kl. 1100 – 1230 heile året.
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre
- Løyvehavar plikter å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett

Formannskapet - 083/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Serveringsløyve blir innvilga etter serveringslova § 3:

- Løyvehavar: ISS Facility Services as
- Dagleg leiar: Geir Skaflestad, f. 070461.
- Serveringsstad: BKK, Knarvik, Kvassnesveien 56, 5914 Isdalstø
- Tal sitteplassar: om lag 30.
- Opningstid: Kl. 1100 – 1230 heile året.
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre
- Løyvehavar plikter å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Verksemda er overdratt pr. 01.09.2014 til ISS Facility Services as frå Sodexo as. Ifølgje serveringslova § 3 skal løyve bli gitt dersom krava i §§ 4 til 6, jfr. § 7 er oppfylt, og det ikkje ligg føre forhold som av politimessige omsyn gjer det utilrådeleg at serveringsløyve blir gitt. Krava gjeld i forhold til dagleg leiar, krav om etablerarprøve, krav tilandel og konsolidering av eigardelar.

Det ligg føre uttale frå politi, skatteetat og skatteoppkrevjarar - utan merknader

Vurdering

Krava til serveringslova §§ 4 til 6, jfr. § 7 er oppfylt. Søkjar har med dette rett til å få søknaden innvilga.